

Informasjon om forsikring av deltakar

Til deg som tar inn deltakar i praksis

Vi set stor pris på at bedrifta di er med på å gi deltakarane våre nyttig arbeidspraksis. Dette informasjonsarket seier noko om kva reglar som gjeld med omsyn til yrkesskadeforsikring av deltakarane.

Vi gjer merksam på at praksisstaden etter Lov om yrkesskadeforsikring, er ansvarleg for yrkesskadeforsikring. Dersom bedrifta har tilsette vil normalt praksisstaden si yrkesskadeforsikring også dekkje elevar i praksisopplæring. Dei aller fleste bedrifter har forsikringar som omfattar alle arbeidstakarar i verksemda utan å melde inn arbeidstakar sitt namn. Det vil difor ikkje vere nødvendig for bedrifta å teikne eiga forsikring for desse. Sjekk ut at bedrifta har tilstrekkeleg tal arbeidstakarar på sin yrkesskadeforsikring.

For bedrifter som har yrkesskadeforsikring

For yrkesskadeforsikring er det vanleg at bedrifta kan overskride tal arbeidstakarar med 10% i høve talet som er angitt i forsikringsbeviset. Dersom det viser seg at bedrifta ikkje har høve til å ta inn deltakarar grunna tal personar i sitt forsikringsbevis, betalar Vestland fylkeskommune for utviding slik at deltakaren får gjennomført praksis i bedrifta. [Bruk skjemaet Innmelding for utvida yrkesskadeforsikring i praksis for deltakar.](#)

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e-dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»

For enkeltmannsføretak

I dei tilfella der praksisstadane ikkje har tilsette, har dei ikkje yrkesskadeforsikring. I desse tilfella må deltakaren forsikrast på eiga ordning gjennom Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen betalar då for ekstrakostnaden bedrifta får ved å teikne ekstra yrkesskadeforsikring for eleven som blir utplassert. Bedrifta teiknar då forsikring for deltakaren og sender faktura for ekstrakostnaden til fylkeskommunen. Fakturaen til fylkeskommunen må innehalde deltakaren sitt namn og periode for utplassering.

Bedrifta skal bruke ressursnummer 24975 ved fakturering. [Les meir om faktura til Vestland fylkeskommune.](#)

[Bruk Innmeldingsskjema for enkeltmannsføretak i praksis for deltakar.](#)

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e-dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»